



# Referat frå kommunemøte om situasjonen i Ukraina og covid-19-pandemien torsdag 21. april 2022

**Møteleiar:** Haavard Stensvand

**Deltakarar:** Kommunane, fylkeskommunen, KS, helseføretaka, Røde Kors, NAV, UDI og Vest politidistrikt.

**Ikkje til stades:** Etne, Masfjorden, Modalen, Stryn, Tysnes, Ullensvang, Voss, Øygarden, Helse Fonna og Sivilforsvaret.

## Innhald

1. Innleiing/velkomen til møtet.....	1
2. Hurtigtestar .....	2
3. Prioriteringsordning for forsyning av drivstoff.....	2
4. Orientering frå UDI region vest v/Njård Håkon Gudbrandsen .....	3
5. Orientering frå politiet v/Trond Sekkingstad .....	4
6. Informasjon frå IMDi .....	4
7. Helse .....	4
Ukraina/flyktningsituasjon .....	4
Covid-19-relatert .....	5
Koronavaksine .....	5
Pneumokokk-vaksine.....	5
Spørsmål.....	5
8. Atomberedskap .....	6
Rettleiar frå Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA).....	6
Situasjonsoppdatering frå DSA.....	6

## 1. Innleiing/velkomen til møtet

Vi er i ein fase der det er vanskeleg å ha sikre formeiningar om kva som skjer framover og korleis utviklinga kjem til å bli. Det ser ut som om talet flyktingar som møter til asylregistrering er lågare no enn før påske. Det er vanskeleg å seie om det er ein indikasjon på at talet flyktingar blir lågare enn prognosane har vore til no. Utviklinga i krigen spelar sikkert ei stor rolle i dette. Kampene går no føre seg først og fremst i Sør-Aust.

### **Vekerapportering**

Det ein diskusjon nasjonalt om innhaldet og frekvensen i vekerapporteringa. Helsedirektoratet (Hdir) sa i møte i går at det er fleire tema som vil gå ut. Det som vert ført vidare er spørsmål knytt til tilgang på personell, fastlegekapasitet, helsestasjon, skule og flyktningsituasjonen.



Hdir sa òg at dei arbeider saman med Utdanningsdirektoratet og Bufdir om å sjå på mest mogleg samordning av rapportering frå kommunane, og aller helst få det inn i den eksisterande løysinga.

*Til referatet: Helsedirektoratet sendte i går ut eit oversyn som viser innhaldet i rapporten frå og med komande veke, vi legg det ved utsending.*

### **Fagsamling i september**

Vi tek mål av oss om å arrangere ei fagsamling om samfunnstryggleik og beredskap 27. og 28. september på Grand Hotel Terminus i Bergen.

Beredskapsseksjonen og helse-, sosial- og barnevernsavdelinga samarbeidet om arrangementet. Tema for samlinga er ikkje heilt landa enno, og vi ønskjer innspel frå kommunane på relevante og nyttige tema. Ei viktig målsetjing er å bruke det vi har erfart og lært frå krisehandteringa dei siste to åra til å kunne gjere ein endå betre jobb i framtida.

Samlinga vil særleg vere aktuell for tilsette i kommunane som arbeider med krisehandtering, beredskap eller andre samfunnstryggleiksoppgåver. Målgruppa er kommunedirektørar/rådmenn, kommuneoverlegar, beredskapskontaktar, og andre som arbeider med beredskap i kommunane og hjå regionale aktørar t.d. fylkesberedskapsrådet.

Vi sender ut informasjon om program, påmeldingsskjema og praktisk informasjon så snart dette er klart.

## 2. Hurtigtestar

Vi har tidlegare informert om at Hdir har jobba med vidareutvikling av systemet for distribusjon av hurtigtestar. Vi deltok i eit møte med direktoratet i går, der dei sa at det vil kome ei avklaring snart. Det blei òg sagt at rapportering på hurtigtestar skal ut gå frå vekerapporteringa.

I Vestland er det elleve kommunar med færre enn to testar per innbyggjar (som har vore den nasjonale forventninga til lagerstatus). Dei vil få påfyll av hurtigtestar i løpet av neste veke.

Lagersituasjonen og tilgangen på hurtigtestar er svært god, både nasjonalt og i kommunane. Vi reknar med at beholdninga i kommunane skal vere meir enn tilstrekkeleg fram til over sommaren. Etter leveringa i neste veke er det såleis ikkje planlagt fleire fordelingar, før vi tek ein utsjekk av lagerstatus i kommunane igjen i september. Dersom det skulle verte behov for fleire hurtigtestar før den tid, ber vi om at kommunane tek kontakt med oss.

Det er ikkje alt som er ikkje heilt er landa endå, men vi vil informere så snart vi har fått fleire avklaringar.

## 3. Prioriteringsordning for forsyning av drivstoff

Regjeringa har bestemt at det skal etablerast ei nasjonal prioriteringsordning for forsyning av drivstoff. Det inneber m.a. at det skal førehandsutpeikast bensinstasjonar som det i ein situasjon med avgrensa tilgang vil bli prioritert leveransar av drivstoff til, og der kritiske brukarar igjen vil få prioritet og vil kunne fylle på desse stasjonane.

Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) har det overordna ansvaret for den nasjonale drivstoffberedskapen. Ei arbeidsgruppe som har sett på dette og har definert kritiske sivile brukarar som aktørarar som utfører kritiske og akutte transportoppdrag på veg, i tillegg entreprenørar som utfører kritiske drifts- og vedlikehaldstenester på vegnettet.



Statsforvaltarane er bedt om å støtte NFD med å identifisere kritiske brukarar i eige fylke. Vi skal sende eit oversyn over dei til departementet, og vil m.a. og få ansvar for å vedlikehalde oversynet. Identifiseringa avgrensar seg til dei som fell inn under dei aktuelle kategoriane, og som nyttar køyretøy med fossile drivstoff.

NFD avgrensar kritiske brukarar veldig snevert til å vere aktørar med ansvar for kritiske og akutte transportoppdrag med betydning for liv og helse, som omfattar:

- Naudetatane (brann, politi og helse)
- Kommunale tenester for heimehjelp
- Drifts- og vedlikehaldstenester på vegnettet

Vi inviterer til eit møte på Teams neste fredag for å gå gjennom oppdraget og svare ut eventuelle spørsmål. Vi vil òg sende ut informasjon om ordninga og skjema som skal nyttast til utfylling.

### 4. Orientering frå UDI region vest v/Njård Håkon Gudbrandsen

Det er registrerte 14 000 asylsøknader frå ukrainske flyktningar i Noreg. Det ser ut som om dei aller fleste som har budd t.d. privat no er registrert. Hotella i områda rundt Nasjonalt ankomstsenter er så å seie tomme, og politiet melder om stor nedgang i restansane. Mykje av dette har skjedd gjennom påska. Det er nesten 6 500 registrerte flyktningar på akuttinnkvarteringar, og det aukar i snitt med 200 om dagen. Det er venta å gå ned ganske snart, viss talet nye ankomstar utviklar seg slik som det har gjort dei siste vekene.

UDI publiserte nye scenario rett før påske, med spenn frå 25 000 til 130 000 ankomstar i løpet av året. Det er mange teikn til at tala ikkje blir like høge som vi trudde for nokre veker sidan. Det kan sjå ut som om ein del ukrainarar flyttar heim frå nærområda eller blir værande i nærområda i påvente av å kunne reise tilbake. UDI får òg ein del meldingar om ein del ukrainarar som reiser tilbake til Ukraina frå Noreg. Relokaliseringane ser ut til å få mindre omfang enn det vart planlagt for i første omgang.

Dersom trenden no held fram, vil det vere avtalar som kan seiast opp for å unngå for mykje overkapasitet. UDI brukar legg likevel både midtre og høgt scenario til grunn i kapasitetsplanlegginga.

Det opna nytt mottak i Bergen sentrum i går, og førstkommande måndag opnar mottak i Kinsarvik. Talet på ukrainske flyktningar som bur i akuttinnkvarteringar i Vestland er omtrent 1800, av desse er 1200-1300 i Bergen. Preregistreringshotellet i Bergen er så å seie tomt. Litt over 800 personar har fått innvilga alternativ mottaksplass i over 100 kommunar. Tilskotsutbetaling for søknader som er motteke i mars og april vil ha tilbakeverkande kraft frå 1. mars.

UDI er kome god i gang med busettingskartlegging på alle mottaka, òg i Vestland. Det er ei forenkla kartlegging, der mottaka i hovudsak skal kartlegge tre tema: relasjonar i Noreg (med tanke på tilknytning til ein kommune), behov for tilrettelegging av bustad og om familien har kjæledyr.

Ein større anbuds konkurranse er avslutta, og det er tildelt 33 kontraktar med opp mot 9 000 plassar. Mange av dei som har fått kontrakt er allereie i drift. UDI har òg avslutta ei mindre utlysing for mottak for einslege mindreårige, men ingen nye i Vestland.

Spørsmål SFVL: NRK meldte seinast i dag om framleis låge busetjingstal, og det ser ut som om det framleis tek noko tid før kollektiv beskyttelse vert gitt. Er saksbehandlingstida til UDI til noko hinder, eller blir søknadene behandla raskt?



Svar: Om lag halvparten av søkarane har fått positivt vedtak til no. Prosessen er i stor grad robotisert, med unntak av saker der det er behov for fleire undersøkingar. Når det gjeld kartlegging har det vore diskusjonar om kor omfattande den skal vere. Det vart like før påske landa på å bruke ei enkel kartlegging. UDI forventar at mange vil bli kartlagt i løpet av kort tid og mange kartleggingar er allereie gjennomført i påska.

### 5. Orientering frå politiet v/Trond Sekkingstad

UDI skildra situasjonen på ein god måte. Politiet har god kontroll på sine oppgåver. Hotellet politidistriktet disponerer til innkvartering i Bergen er meir eller mindre tomt no, og det er ikkje kø for asylregistrering i politidistriktet per no. Det er ei veldig krevjande øving å spå korleis tilstrøyminga av flyktingar kan verte framover.

I ordinære asylsaker har det vore vanleg å ta inn dokument på Nasjonalt ankomstsenter, og asylsøkaren har fått desse igjen på eit seinare tidspunkt. Innleiingsvis vart same prosedyre følgt for ukrainske flyktingar. Politiets utlendingsenhet jobbar med ein plan for å levere ut att dokumenta med bistand frå politidistrikta.

Politiet er veldig merksame på risikoen for menneskehandel og utnytting i arbeidslivet for dei som er ferdigregistrert og er i systemet til UDI. Politiet har ikkje noko objektvakthald på hotella/akuttinnkvarteringane. Det er viktig med dialog med hotella i tilfelle uønskte hendingar, og dette blir følgt opp i ordinær polititeneste.

Spørsmål Sunnfjord kommune: Er det slutt med pre-registrering hos politiet?

Svar: Det er for så vidt preregistrering framleis, men for no går det veldig kort tid frå ein flykting melder seg for politiet til vedkomande er ferdig registrert, kanskje berre éin dag.

På [politiets nettsider](#) ligg det informasjon om telefonnummer ein kan ringe for å avtale oppmøtetid for asylregistrering (477 89 480 i Vest politidistrikt og 489 96 640 i Sør-Vest politidistrikt). Informasjon er òg omsett til ukrainsk og russisk.

Sekkingstad rosa det gode samarbeidet som har vore med involverte aktørar (m.a. Bergen kommune og Røde Kors) kring innkvarteringsordna i preregistreringsfasen, og retta særleg takk for all den frivillige innsatsen.

### 6. Informasjon frå IMDi

IIMDi har bedt oss gjere kommunane merksam på at skjema for privatbuande flyktingar for å søke om å bli busett med offentleg hjelp, er oppdatert m.a. med fleire språk. (*privatbuande: flyktingar som ikkje bur på akuttinnkvartering/mottak eller alternativ mottaksplassering/AMOT*).

<https://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/slik-bosettes-flyktinger/privatboende/>

IMDi minna òg om nytt møte med m.a. Arbeids- og inkluderingsministeren fredag kl. 8.30, møtet blir streama på youtube: <https://www.youtube.com/watch?v=Z1FM8ivwHZ4>

### 7. Helse

#### Ukraina/flyktningsituasjon

Fylkestannlegen deltek på neste kommunemøte for å gi ei orientering om korleis den offentlege tannhelsetenesta jobbar med tilbod til ukrainske flyktingar.



### Covid-19-relatert

#### Koronavaksine

I går vart det kjent at FHI har opna for at personar frå 80 år og oppover kan få ein fjerde dose koronavaksine. Det blir då andre oppfriskingsdose, så lenge dei ikkje har hatt koronasjukdom etter dei fyrste tre dosane. Denne kan gjevast tidlegast fire månader etter førre oppfriskingsdose, men det vil ikkje utelukke behov for ny dose til hausten når smitten sannsynleg aukar igjen. Vi fekk eit skriv frå FHI om dette i går, som skal sendast ut til kommunane.

Dette er likevel ikkje ei generell tilråding for denne aldersgruppa. Heller ikkje for dei aller eldste og skrøpelegaste, men ein moglegheit for den einskilde. Kommunane treng difor ikkje aktivt kalle inn til vaksinasjon. Nyta av oppfriskingsdose vil i Noreg truleg vere mindre enn i andre land med meir utbreidd epidemi no. Kommunane må informere på sine nettstarar om korleis dette skal gå føre seg, og tilbodet kan begynne så snart kommunane har kapasitet, skriv FHI.

FHI opnar samstundes for at dei med alvorleg immunsvikt òg kan få si andre oppfriskingsdose, som då blir deira femte dose. FHI tilrår at denne individuelle vurderinga vert gjort av behandlande sjukehusspesialist. Behovet må dokumenterast i form av eit brev som vert tatt med til det kommunale vaksinasjonstilbodet, viss vaksinen ikkje kan bli gitt på sjukehuset. Den viktigaste oppgåva med omsyn til denne gruppa er likevel å få fleire til å ta alle dei fire tilråda dosane, då det framleis er mange som ikkje har tatt første oppfriskingsdose i denne gruppa. Meir informasjon finn de i skrivet frå FHI.

#### Pneumokokk-vaksine

Grunna mangel på pneumokokkvaksinen Pneumovax tidleg i pandemien, har FHI seinare skaffa fleire dosar enn vanleg. Grunna lågare etterspurnad enn venta, som sannsynleg skuldast høg aktivitet i korona- og influensavaksininga, er det no 52.000 dosar som går ut på dato 16. juni 2022. Helse- og omsorgsdepartementet har difor gitt FHI lov til å distribuere desse gratis. Gratis vaksine kan difor bli gitt til alle personar som blir tilrådd pneumokokkvaksine, og vaksinatørar kan nytte ordinær takst (fastlegar) eller kostpris (kommunen) for å sette vaksinen. FHI oppmodar kommunane å vurdere vaksining av sjukeheimsbebuarar og personar i målgruppa som har heimesjukepleie. Gratis Pneumovax med kort haldbarheit ligg som eigen artikkel i bestillingsløyisinga hjå FHI (vanleg vaksinebestillinga), og sendast ut på vanleg måte. Tilrådd vaksinasjonsintervall er 10 år. Vi vil sende ut eit eige skriv frå FHI om dette.

#### Spørsmål

##### Spørsmål frå Gloppen kommune om testing til Korona-sertifikat

*I Gloppen kommune har vi forsøkt å finne ut av om kommunen har plikt til å ha eit test-tilbod der innbyggerane kan få tatt bekreftande PCR-test ved koronainfeksjon for å få dette registrert i sitt koronapass.*

*På FHI si side står det følgande: «Test til koronasertifikat skal som hovedregel ikke gjøres hos fastlege eller legevakt. Sjekk hvilke testtilbud som finnes i kommunen du oppholder deg i. For at en test skal være gyldig i koronasertifikatet må den tas profesjonelt. Negativ koronatest, vaksinasjon og immunitet etter gjennomgått covid-19-sykdom inngår i koronasertifikatet.»*

*Vi tenker altså ikkje på dei som skal ha ein negativ test ved reise(desse kan teste seg på flyplass/privat), men dei som gjennomgår infeksjon og vil ha dette bekrefta med ein test som er tatt profesjonelt, og dermed slepp å vaksinere seg for å få gyldig koronapass.*

*Er kommunen pliktig til å ha eit slikt test-tilbod?*



### Svar SFVL:

Regjeringa sitt strategidokument inneheld lite detaljar om forventingar til kommunane no. Hdir jobbar med å få avklart fleire ting, men det ser ut til at mykje ikkje vil vere klart før etter revidert nasjonalbudsjett i midten av mai. Vi må difor vise til [koronarettleiaren til Hdir](#) så lenge.

I den står det at kommunane vert bedt om å ha beredskap til å kunne teste éin prosent av befolkninga per veke. Regjeringa vil kompensere for meirutgifter knytt til denne beredskapen. Frå 1. mai vil det, utover testing til koronasertifikat, berre bli testa på klinisk indikasjon framover. Hdir ber kommunane og fastlegane om å førebu seg på dette.

Testing til koronasertifikat skal som hovudregel ikkje skje hjå fastlegar eller på legevakt, men på teststasjonar. Kommunane vert bedt om å leggje til rette for testing til koronasertifikat innanfor den kapasiteten dei er bedne om å behalde. Teststasjonar eller tilsvarande skal bidra med utskrift av koronasertifikat til dei som treng det. Hdir skriv til slutt at det jobbast med å avklare korleis testing til koronasertifikat skal gå føre seg vidare, og at dette sannsynleg kjem i mai i samband med budsjett.

### Spørsmål/innspel frå Bømlo kommune

*I mindre kommuner er det lite hensiktsmessig å opprettholde teststasjonar når det i hovedsak bare skal testes på klinisk grunnlag. Det binder opp personell som trengs i andre tjenester.*

Svar SFVL: Dersom kommunen klarar å oppretthalde beredskap for testing og har plan for oppskalering, er det ikkje noko i vegen for å organisere det annleis enn som kommunale teststasjonar. Hdir prøver å få avklart kva forventningar som er til kommunanes beredskap.

Kommentar Bømlo: *Det er ikkje problematisk å oppretthalde ein viss beredskap, men opplever det uhensiktsmessig å skulle tilby befolkninga med testing for å kunne reise på ferie når mangel på helsepersonell er ganske prekær i mange kommunar. Det kan òg vere lang avstand til private tilbod i distrikta.*

## 8. Atomberedskap

### Rettleiar frå Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA)

- DSA har sendt oss eit utkast til “*veiledning til yrkesgrupper med kritiske samfunnsfunksjoner og deres evt. arbeidsgivere ved råd om innendørsopphold pga radioaktivt utslipp til luft*”.
- DSA minna i møte i går om at på grunn av den store geografiske avstanden, er såkalla «innmelding» veldig lite aktuelt tiltak i Noreg med tanke på situasjonen der. Dersom det skulle skje andre typar hendingar der innmelding er aktuelt, vil nok kommunane raskt få spørsmål om kva som gjeld for personar med kritiske samfunnsfunksjonar.
- Endeleg versjon av rettleiaren er venta å vere klar i løpet av nokre veker og vi vil sende den ut då. Dersom nokon har ønskje om å sjå utkastet til rettleiar, ta kontakt med oss.

### Situasjonsoppdatering frå DSA

- Ingen større endringar sidan før påske, Ukraina rapporterer at tryggleikssystem ved alle kjernekraftverk er operative (sju av femten reaktorar er operative).
- Pågåande krigshendingar gir auka risiko for hendingar. Ukrainske styresmakter melder om auka risiko ved anlegg nær Donbas-regionen (inkl. Zaporizhzhya og tre mindre anlegg).
- Russiske styrkar har fysisk kontroll på Zaporizhzhya (fire av seks 6 reaktorar er stengt ned), ukrainsk personell driftar anlegget. Russiske Rosatom har rotert/forsterka sitt personell ved anlegget som “rådgjevarar”. Det vert meldt at russiske styrkar har installert fleire rakettkastarsystem om lag 5-10 km frå anlegget.



## Statsforvaltaren i Vestland

- Tsjernobyl er tilbake under ukrainsk kontroll men:
  - Analyselaboratorium og informasjons- og kommunikasjonscenter er øydelagt, plyndra og sett ut av drift.
  - Det er ikkje sikker vegsamband mellom Slavutych (der mestepart av driftspersonellet bur), og Tsjernobyl. Personell blir frakta med båt.
  - Det er etterslep på vedlikehalds- og reparasjonsarbeid.
  - IAEA planlegg for at tekniske ekspertar skal reise til Tsjernobyl snart for å bidra til å gjenopprette atomtryggleik og sikring ved anlegget, bidra med nytt utstyr og reparere system for overføring av fjerndata til IAEA.